

Litt om hingstelinjer – Og om dei nykåra hingstane på Eid i år

Av Inger Grønntun

Kva er ei hingstelinje?

Når det er snakk om hest og raseavl, treff ein ofte på omgrepet «hingstelinjer». Dette handlar, kort fortalt, om å kategorisere individ etter kva slags stamfar dei har på hanndyrsida. Ein går altså bakover i generasjonane, så langt ein kan, og ser på farfars farfar, og så vidare. Kor mykje praktisk nytte dette har, kan sjølvst sagt diskuteras. Forsking har visstnok vist at nesten alle tamhestar i dag eigentleg høyrer til den same hingstelinja, viss ein går langt nok bakover i tid. Dette har ein funne ut ved å undersøke arvemateriale (DNA). Likevel er det klart at det er skilnad på rasar og hestetypar, og det er ofte lenge sidan linjene har skilt lag. Dermed er ikkje det arvestoffet som fylgjer y-kromosomet, og dermed hingstelinja, nødvendigvis heilt likt hos alle hestar. Opp gjennom åra har det skjedd mutasjonar (plutselege endringar), som har påverka arvematerialet.

Hingstelinja er berre ein liten del av den genetiske arven til ein hest, og mange tenkjer difor at det å sjå på desse nærast er å rekne som ein kuriositet, noko ein gjer for moro skuld. Det kan vere lett å seie seg einig her. Viss ein derimot begynner å sjå på kva hingstelinje ikkje berre hesten sjølv tilhøyrar, men også på kva som ligg bak mor, farmor, mormor, osv., kan det raskt få litt større betydning. Det å ha mange aktive hingstelinjer er ein del av å ta vare på mangfaldet og variasjonen i rasen. Viss dei same linjene går att mange gongar, vil ein finne dei same namna svært mange gongar i stamtavla, medan andre namn vert meir sjeldne, eller forsvinn. Det å velje ut hingstar til avl, betyr også det same som å velje vekk andre.

Historisk tilbakeblikk

Det kan vere greitt å starte med eit lite historisk tilbakeblikk. Då ein sette i gong med organisert avlsarbeid for fjordhest, på midten av 1800-talet, hadde ein til å begynne med mange hingstelinjer. Naturlegvis kan det godt hende at nokre av desse eigentleg var identiske, men det hadde ein i så fall ikkje informasjon om. Dei som etter kvart vart nokså store, med mange hingstar og greiner på, var mellom anna dei som stamma frå *Gange Rolv I 42*, *Kåre 189*, *Rosendalsborken I 8*, og *Harald Viking G 30 2 V.bl.* Det var også fleire mindre ved sidan av. Åra gjekk, og med tida forsvann alle, utanom linja frå *Gange Rolv I 42*. Linjene frå dei andre levde sjølvst sagt vidare gjennom hopper, men ikkje som reine hingstelinjer. I grunnen har vi dermed berre ei hingstelinje i fjordhesten i dag, viss opplysningane i stambøkene er rette. *Gange Rolv* si linje hadde alt ganske tidleg greina seg ut i fleire retningar, og dei to som har helde fram, går gjennom hingstane *Njål 166* og *Baronen 193*. På sida av desse levde andre, men desse har forsvunne på vegen.

Baronen-linja har helde seg ganske liten og beskjedne heile tida, og har vore på randen til å døy ut. I dag lever den på hingstesida berre att gjennom etterkommarane til *Enok 1610*, og den kan dermed kallast Enok-linja no. Lenge hadde denne fleire greiner, men i dag ser ein at det berre er den etter *Enar 2020* vi kjem til å ha med oss inn i framtida. Kvar gong ein får slike «flaskehalsar», der greiner berre vert vidareført av éin hingst som hingstelinje, mister ein noko viktig. Rett nok lever arven frå mange hanndyr vidare gjennom marane, men det kan fort bli lite å velje i når ein skal pare desse. Det vil alltid vere ein fordel om ein har mange ulike hingstegreiner. Desse vil kanskje ha med seg genetisk materiale få eller ingen andre har, og på same tid vil ein i dei ofte unngå individ som finst i mange andre slektar. Enok-Enar-linja har seks premierte/kåra hingstar i Noreg i dag: *Rånnar*, *Elvar*, *Rudsmo Robin*, *Major*, *Lille Ulrik*, og nykåra *Gorm Vårby*.

Bergfast og Øyarblakken

Linja frå *Njål 166* vart delt i mange greiner, og dei som har levd vidare fram til i dag, går gjennom *Bergfast 635*, *Øyarblakken 819*, og *Håkon Jarl 645*. *Bergfast* si linje hadde fram til for ikkje alt for lenge sidan fleire greiner, men i dag går alt på hingstesida frå han gjennom *Bagge 1477*. Det er dermed meir rett å kalle den Bagge-linja no. Fram til ganske nyleg har denne vore todelt, men i dag spøker det for greina frå *Grabb 1651*. Her har vi ikkje lenger kåra hingstar i Noreg. Den andre linja frå Bagge, som no er den einaste vi har her til lands, går gjennom *Heggtind 1611*. Linja er svært liten, med berre to premierte hingstar i dag: *Krogs Balder* og *Lauvprinsen*. Ein får tru at desse vert mykje brukt, eller at det finst føl eller unghestar rundt om kring frå denne linja, som kan halde den oppe inn i framtida.

Øyarblakken si linje var svært dominerande i mange år. Både han og sonen *Dyre 1059* vart svært mykje brukt i avlen, og hadde ei mengd med søner kvar. Også denne linja har hatt andre og spanande sideskot fram til nokså nyleg, men no går alt gjennom *Hosar 1717*. *Hosar*-linja har blitt vidareført fram mot våre dagar i tre retningar, men den eine, linja gjennom *Haugull 1821*, har ikkje skot i dag som kan føre den vidare på hingstesida. Dei to andre, linjene gjennom *Jærmann 1788* og *Myrstein 1866*, lever framleis. *Jærmann* si linje har berre ein einaste hingst, *Myras Viking*, medan *Myrstein* si linje har dei som stammar frå Sander: *Lunner Gråen*, *Skraaruds Gråtass*, *Lunner Per* og *Nytuns Heiden*. Alle dei linjene som har vore nemnt no, Enok, Bagge og Hosar, er relativt små og sårbare, og det er viktig å vere bevisst for å ta vare på dei. I tillegg er det lurt å tenke på at ein skal ha fleire greiner på kvar linje, for å sikre størst mogleg variasjon.

Håkon Jarl-linja

Den største hingstelinja i dag, er den som kjem frå *Håkon Jarl 645*. Også denne har vore delt i mange greiner, og omfattar i våre dagar to store, som igjen er delt i fleire mindre. Dei to store er linjene frå *Valebu 1569* og *Torbjørn 1417*. Av det ein kan kalle dei fem hovudlinjene i fjordhesten i dag (Baronen-Enok, Bergfast-Bagge, Øyarblakken-Hosar, Håkon Jarl-Valebu og Håkon Jarl-Torbjørn), er det ingen tvil om at dei to sistnemnde dominerer sterkt. *Torbjørn* si linje tel om lag 17 premierte/kåra hingstar i Noreg no, og *Valebu* si linje tel om lag 19.

Valebu

Valebu si linje er todelt, med ei stor og ei lita grein. Den vesle går gjennom *Bjutan Bruse 1709*, og her finn vi berre to norske hingstar i dag: *Hildmann* og *Leirdals Odin*. Den store har hatt ein avstikkar til Danmark, og går gjennom danskfødde *Rei Halsnæs 1833*. Denne hingsten var den fyrste av fleire danske fjordhingstar som har kome til Noreg. Han vart brukt her i avlen i 1980, og fekk stor innflytelse på norsk avl gjennom dei føla som vart fødd i 1981. Hingstelinja hans her i landet går også gjennom hingstar som har vore henta opp frå Danmark i seinare år. *Rei Halsnæs*-linja er no den dominerande både i Noreg og Danmark. Her til lands har mellom anna greina frå danskfødde *Frederik Skovå 2202* gitt mange kåra hingstar, samt den frå *Fjølestaen 2128*, som stammar frå eit av avkoma frå 1981-årgangen: *Reiulf 1920*.

For å dele opp *Rei Halsnæs* si linje litt, kan ein skilje mellom etterkommarar frå dei to sønene *Reiulf* og *Cæsar Halsnæs*. *Reiulf* var norskfødd, og han har tre søner med greiner som går vidare, *Reimar*, *Hertug* og *Lun Ramstad*. Frå *Reimar* har vi to hingstar i dag: *Søltre*, og nykåra *Blikra Admiral Doffen*. Frå *Hertug* har vi éin hingst: *Kneist*, og frå *Lun Ramstad* har vi dei som stammar frå *Fjølestaen*: *Fjølestaen sjølv*, *Fjelltor*, *Alme Baron*, *Hugo*, nykåra *Heggnes Balder*, *Søljo* og *Ronnjo*. Danske *Cæsar Halsnæs* har aldri vore i Noreg, men det har kome fleire etterkommarar frå linja hans til landet, som har blitt sett inn i norsk avl. *Eikåsen Gullfaks* er frå greina etter ein av dei, *Geist Tyler*. Resten av

hingstane på linja kjem alle frå danskimporterte Frederik Skovå: *Veslefrikk Roman*, *Tord Dorteson*, *Kornvin Freidig*, og tre av dei nykåra hingstane: *Birkelid Tullen*, *Birkelid Nimo*, og *Herlig*. Også *Brijol*, som det truleg kjem hingstar etter til Eid om eit par år, høyrer til linja frå Cæsar Halsnæs.

Torbjørn

Torbjørn 1417 har blitt stamfar til ein stor og omfattande hingstelinje. Denne har vore delt i fleire, og i dag har vi att tre med fleire hingstar på, samt eit par mindre. Dei tre som ser ut for å ha størst sjanse for å gå vidare i dag er dei som går gjennom *Ernarson*, *Haugeblakken* og *Tunfeld*. Ernarson si linje har hatt fleire mindre forgreiningar, men i dag står berre to att, og det vert interessant å sjå om ein greier å halde liv i begge. Desse kjem frå to ulike soner av Ernarson, *Stordabø* og *Holar*. Greina frå Stordabø har tre hingstar: *Merinas Emil*, *Opdals Ask* og *Severin*, medan Holar si linje har to: *Sofin* og *Flemming*. Haugeblakken si linje kan ein i grunnen begynne å kalle for *Kim Hero-linja* no. Det har vore fleire alternative skot frå Haugeblakken, men i dag kjem alle premierte norske hingstar på denne greina gjennom Kim Hero. Totalt er det fire stykke: *Brage*, *Gråggi*, *Myklemann* og nykåra *Hodne Lunar*. Linja frå Tunfeld er todelt, med greiner frå dei to sønene *Dalar* og *Rådar*. Frå Dalar har vi *Dalargutt*, *Rudsmo Råssar*, *Kuling* og *Fjell Finn*, og frå Rådar har vi *Hermann*, *Hermanto* og *Rønning Gubben*. Det kan elles vere verdt å nemne her at Rådar-sonen *Ørjar* har gått i dansk avl i mange år, og dermed har ei linje etter seg der også.

Det har vore mange aktive linjer etter Torbjørn, heilt til ganske nyleg. Ein vil dermed enno finne dyr i mange stamtavler som høyrer til denne linja, utan å gå gjennom Tunfeld, Ernarson eller Haugeblakken. Nokre av desse alternative greinene kan framleis komme att som hingstelinjer. Ein eldre norsk hingst, *Nyvolls Trigger*, høyrer til linja frå Torbjørn utan å gå gjennom desse tre. Det ville vore spennande om det kom ein hingst etter denne. Også *Hangvar Kry*, som vart brukt i norsk avl for to år sidan, kjem frå ei anna Torbjørn-linje.

Nye hingstar på Eid 2017

I år vart det kåra sju nye hingstar på Eid. Seks av desse er tre år gamle, medan ein (*Gorm Vårby*) er fire år. Her kjem litt om stammene deira, og kva slags hingstelinjer dei høyrer til, både på farssida og elles. I tillegg seier eg noko om kva slags hoppefamilie dei høyrer til, og kven stammora er. Det har vore litt fokus på hoppelinjer i det siste, og dette er sjølv sagt minst like interessant og relevant som å sjå på hingstelinjene. Dessverre er det langt meir arbeidskrevjande å kartlegge morssektene, sidan det finst svært mange av dei.

Dei nykåra hingstane har seks ulike fedrar. Både *Herlig* og *Birkelid Tullen* er etter *Kornvin Freidig*. *Gorm Vårby* har *Optimist Halsnæs* til far, *Hodne Lunar* er etter *Augustus Solberg*, *Heggenes Balder* etter *Fløgstad Odin*, *Birkelid Nimo* etter *Ninjar*, og *Blikra Admiral Doffen* er etter *Reimar*. Viss ein ser på hingstelinjene, høyrer fem av dei til den store linja frå Valebu - Rei Halsnæs, medan *Gorm Vårby* høyrer til linja frå Enok - Enar. *Hodne Lunar* er eit skot på linja frå Torbjørn gjennom Haugeblakken.

Gorm Vårby

Gorm Vårby er danskfødd, og høyrer altså på hanndyrsida til linja frå Enok. Far er *Optimist Halsnæs*, etter norskfødde *Rånn*. Dei tre andre besteforeldra til Gorm (*Denna Halsnæs*, *Orion Halsnæs* og *Fleurette*) kjem alle frå hingstelinja etter Valebu - Rei Halsnæs. Enda to til av oldemødrene hans høyrer til denne linja, dermed kjem i alt fem av åtte oldeforeldre frå Rei Halsnæs si hingstelinje. *Gorm Vårby* er dermed eit godt døme på at ein bør kikke på heile stamtavla, ikkje berre hingstelinja. Stammen til *Gorm Vårby* er sett saman av ei rekkje av gode og betydingsfulle hestar i dansk fjordhestavl frå dei siste tiåra, samt nokre norskfødde individ. Det kan vere verd å merke seg at far til

Rei Halsnæs, *Reidulf Ree 1664*, var fødd i Noreg. Viss ein går bakover på morslinja til Gorm, endar ein til slutt med hoppa *Nora 3505 DK*. Ho var fødd i 1947 i Ålborg Amt. Far hennar var hingsten *Frands Vadgaard 65, E-48*, og mora var ei gul hoppe som heitte *Sofie*, etter *St. Restrup Falk 68, E-20*, og ei mørkegul hoppe. Morslinja har dermed dansk opphav, etter det ein veit, sidan ein ikkje kjenner til bakgrunnen til den mørkegule hoppa.

Hodne Lunar

Hodne Lunar er etter *Augustus Solberg*, som igjen er son av *Myklemann*. Desse høyrer til Torbjørn si linje gjennom *Haugeblakken*. Mora *Hodnelin* er etter *Fjelldar*, som høyrer til linja frå Torbjørn gjennom *Tunfeld*. Farmor *Oktavia Solberg* høyrer til same linje som farfar, altså Torbjørn-Haugeblakken, gjennom *Fløgstad Bruse*, medan mormor, *Torlin Vidvei*, er etter *Sylv Vidvei*. Ho tilhøyrer dermed ei linje som no er utdøydd på hingstesida: Hosar-Haugull. Om ein fylgjar morslinja så langt tilbake som det går, og ser på kva for ei hoppefamilie *Hodne Lunar* si mor tilhøyrar, endar ein til slutt opp med ei merr ved namn *Rosetblakka*, fødd i 1907 i Breim. Ho vart seld til Olden, og vidare til Matias O. Roset i Innvik. *Rosetblakka* var etter *Baronen 193*, men elles gir ikkje stamboka fleire opplysningar om henne. I slekta til *Hodne Lunar*, og kanskje spesielt i stammen til mormora, finn ein nokre namn som ikkje er blant dei aller mest vanlege.

Heggenes Balder

Heggenes Balder er etter *Fløgstad Odin*, som høyrer til hingstelinja til *Rei Halsnæs* gjennom *Fjølestaen*. Dette er elles det einaste innslaget frå *Rei Halsnæs* ein finn i stammen til *Balder*. Mor er *Heggenes Tuna*, etter *Sveiar*, som er eit skot på Torbjørn si linje gjennom *Haugeblakken* og *Kim Hero*. Farmor *Fløgstad Lenda* kjem også frå denne linja (*Haugeblakken*), medan mormor, *Kviki*, var dotter av *Støylar*. Han høyrer inn under same hingstelinje som mormors far til *Hodne Lunar*, altså Hosar-Haugull-linja. Morsslekta til *Heggenes Balder* er elles kanskje mest kjent som ei av dei linjene som gjer at vi framleis har krem/gulgenet, og altså ulsblakk og gulblakk farge, i fjordhesten i dag. *Kviki* var ulsblakk, og mor hennar att var den gulblakke fyrstepremiemerra *Faksi* (som mellom anna også var mor til hingsten *Sylv Vidvei*). Bakover har hoppene vore ulsblakke og grå til ein kjem til *Nipa 2639*. Ho fekk fargen sin frå faren *Rane 826*, ein ulsblakk son av *Bergfast 635*. Om ein går til botn i morslinja til *Heggenes Balder*, endar ein til slutt opp med den grå merra *Gråa 100*, fødd i 1883 hos Ole J. Aardalsbakke, Jølster. Mor til *Gråa* var ei svartbrun hoppe frå Breim, og far var ein ulsblakk hingst. Frå denne hoppeslekta har ein fått mange gode alemerrer og premierte hingstar, og det kan mellom anna nemnast at spisshingsten i klasse 2A på Eid i år, *Alme Baronen*, kjem frå same merrafamilie.

Birkelid Tullen og Herlig

To av dei nykåra hingstane, *Birkelid Tullen* og *Herlig*, har same far. Begge er etter *Kornvin Freidig*, som høyrer til *Rei Halsnæs* si linje gjennom danskfødde *Frederik Skovå*. I stammen til *Frederik* finn vi *Rei Halsnæs* til saman fire gongar. *Kornvin Freidig* si mor, *Kornvin Tora*, høyrer også til *Rei Halsnæs* si linje, gjennom danskfødde *Geist Tyler*. Morfar til *Tullen* er fyrstepremiehingsten *Torsetblakken*, som kjem frå *Rei Halsnæs* si linje gjennom *Fjølestaen*. Mormor til *Tullen*, *Birkely Monja*, var dotter av *Helgfin*, som høyrer heime på Torbjørn-Ernarson-linja. Eg kjem tilbake til morsslekta her, sidan den er felles for *Birkelid Tullen* og *Birkelid Nimo*.

Mor til *Herlig*, *Herborg*, fekk no sin andre kåra hingst på Eid, i og med at ho også er mor til andrepremierte *Hugo*. *Herborg* er etter *Ljosprins*, som høyrer til Torbjørn si linje gjennom *Ernarson*, og *Fjellmøy*, som høyrer til Hosar si linje gjennom *Jærmann* og *Dragmann*. *Fjellmøy* vart sjølv mor til heile fire kåra hingstar, mellom anna *Fjelltor* med 1. premie. Går ein bakover i slekta på morssida, endar ein opp med hoppa *Tyra*, fødd i 1911 hos Trond Rommetveit på Stord. I denne linja var det fire generasjonar med stambokkjende merrer, før ein finn den fyrste med eige stamboknummer. Dette

var *Gerd 12464*, fødd i 1951, etter *August*. Slekta er solid, og har gitt mange gode dyr. Hingstar som *Stordabø* og *Fløgstad*-hestane kjem frå denne hoppefamilien.

Birkelid Nimo

Birkelid Nimo har *Ninjar* til far, og kjem soleis frå *Rei Halsnæs* si linje, gjennom *Frederik Skovå*. Farmor er *Løkling Ninrosa*, som høyrer til *Bergfast* si linje gjennom *Bagge-Heggtind*. Morsslekta til *Ninrosa* er ei god merrafamilie, som også har gitt opphav til kjende hingstelinjeskaparar som *Tunfeld* og *Ernarson*. Mor til *Nimo* er *Birkely Monja*, som altså også er mormor til *Birkelid Tullen*. *Nimo* var det siste følet til *Monja*, og den siste av tre kåra hingstar ho fekk. Mormor til *Nimo*, *Rosalita*, er etter *Faun Tor*, og tilhøyrer dermed linja til *Torbjørn* gjennom *Haugeblakken*. Går ein bakover på morssida til *Tullen* og *Nimo*, endar ein opp med svartbrune *Skådesota 11*, fødd 1870 hos *Anders K. Veiteberg, Jølster*. Mora var ulsblakk og kom frå *Greidung* i *Oppstryn*, medan faren var ein svartbrun hingst etter dølahesten *Batalden 26 G. 1 V.bl.*, som vart innkjøpt av statsagronom *Lindeqvist* for å få fart på fjordhestalet på *Vestlandet* på 1860-talet.

Blikra Admiral Doffen

Den siste nykåra hinggsten på *Eid* i år, *Blikra Admiral Doffen*, er son av *Reimar*. Han igjen er ein grå son av *Reiulf*. *Reiulf* er den hingsten som i størst grad har ført arven vidare frå sesongen då *Rei Halsnæs* var i *Noreg*, og det er også han som ligg bak *Fjølstaen*-linja. *Reimar* levde eit langt liv, og har ikkje hatt kåra hingstar etter seg tidlegare, men plutseleg kom *Sølrei* i fjor, og no *Doffen* i år. Desse hingstane vart fødd då faren var henholdsvis 27 og 29 år gamal, og det er ikkje så ofte ein ser slikt. Det er spennande når også hingstar med gamle foreldre vert kåra, for desse kan bære på genmateriale som har gått tapt gjennom yngre generasjonar. *Reimar* har ikkje med seg akkurat den same arven frå far *Reiulf* som til dømes dei meir brukte brørne *Lun Ramstad* og *Hertug*. Lange generasjonsintervallar er elles eit godt tiltak for å bremse innavlsauken. Farmor til *Doffen* er *Snerta*, etter *Bjarg*, som tilhøyrar *Valebu* si linje gjennom *Bjutan Bruse*. Mor til *Doffen*, *Sannheims Blakka*, er etter *Hjellar*. Ulsblakke *Hjellar* kjem frå *Torbjørn* si linje gjennom *Tunfeld*, og det kan elles vere verd å merke seg at mor til *Hjellar* er *Fjellmøy*, mormor til *Herlig*. Mor til *Blakka*, *Sandheimjenta*, er etter *Kneist*, og høyrer soleis til *Rei Halsnæs* si linje. Går ein til botns i morsslekta til *Doffen*, endar ein opp med *Lydia 60*, fødd i 1879 hos *Jakob E. Skrede, Jølster*. Ho var brunblakk, og det same gjaldt mor hennar, som var fødd på same plass.

Avslutning

Dette var eit kjapt oversyn over dei nykåra hingstane, og litt generelle fakta om hingstelinjer i *Noreg* i dag. I tillegg til dei sju som vart kåra for fyrste gong, var det også fem andre hingstar som fekk premier på *Eid* i år. Tre av desse, *Alme Baron*, *Sølrei* og *Tord Dortes*, høyrer til *Valebu-Rei Halsnæs*-linja på hingstesida. Dei to andre, *Opdals Ask* og *Severin*, kjem frå *Torbjørn-Ernarson*-linja. Hingstelinjene er berre ein liten del av det puslespelet som ei stamtavle og ein rase er. Om ein set opp linjene som til dømes alle oldeforeldra kjem frå, får ein likevel eit greitt oversyn.

I tabellen under har eg prøvd å lage eit visuelt bilete av hingstelinjene alle oldeforeldra til årets hingstar på *Eid* kjem frå. Det er lett å sjå at dei grønne og dei blå linjene (*Torbjørn* og *Valebu*) dominerer. Linjer utan aktive hingstar i dag (som *Bagge-Grabb*, og *Hosar-Haugull*) vil ikkje lenger vere med, om ein set opp eit liknande oversyn om eit par generasjonar. Det er fort gjort at mangfaldet og variasjonen vert enda mindre. Framtida er det vanskeleg å spå om, men i ein liten rase bør ein avle på flest mogleg dyr, av alle slags slekter, for å ta vare på eit breitt mangfald av arvemateriale for ettertida.

Hingstelinjer, oversyn over hingstar på Eid 2017

Namn	Farfars far	Farfars mor	Farmors far	Farmors mor	Morfars far	Morfars mor	Mormors far	Mormors mor
Opdals Ask	T-E	T-E	H-M	E	V-R	V-R	T-H	T-E
Severin	T-E	T	T-T	T-E	V-R	T	T	B-G
Alme Baronen	V-R	T-T	H-J	T-E	T-E	T	T	T
Sølrei	V-R	T	V-B	T	V-R	T-H	T-T	B-G
Tord Dorteson	V-R	T	B-H	T	T-T	B-G	V-R	T
Gorm Vårby	E-E	T-T	V-R	T	V-R	V-R	V-R	V-R
Hodne Lunar	T-H	V-R	T-H	T-T	T-T	H-J	H-H	V-B
Heggnes Balder	V-R	V-B	T-H	T-E	T-H	T-T	H-H	T
Birkelid Tullen	V-R	V-R	V-R	T-E	V-R	T-T	T-E	T-H
Herlig	V-R	V-R	V-R	T-E	T-E	T	H-J	T-E
Birkelid Nimo	V-R	T	B-H	T	T-E	H-J	T-H	T
Blikra Admiral Doffen	V-R	T	V-B	T	T-T	H-J	V-R	H-M

Kodar:

Blå = Valebu: V-R = Valebu-Rei Halsnæs V-B = Valebu-Bjutan Bruse

Grøn = Torbjørn T-E = Torbjørn-Ernarson T-H = Torbjørn-Haugeblakken T-T = Torbjørn-Tunfeld T = Torbjørn andre linjer

Rosa/lilla = Hosar H-J = Hosar-Jærmann H-H = Hosar-Haugull H-M = Hosar-Myrstein

Gul = Bagge B-G = Bagge-Grabb B-H = Bagge-Heggtind

Raud = Enok E-E = Enok-Enar E = Enar andre linjer